



STORD
kommune



POLITIET

AVTALE OM POLITIRÅD

Ein avtale som regulerer samarbeidet for politirådet i Stord kommune

Bakgrunn

Stortinget vedtok hausten 2006 at politidistrikta skulle ta initiativ til eit meir formalisert samarbeid mellom politi og kommunane gjennom politiråd. Formålet var å formalisere eit felles ansvar for kriminalitetsførebygging og tryggleik i lokalsamfunnet. Politirådet er meint å vere ein arena for å omsetje kunnskap om lokale problem til ein samordna innsats (St.prp. nr 1 2006-2007,14-15 og 92). Vidare står det i Prop. 1 S. (2012-2013) at samarbeidet i politiråd skal bidra til og involvere og gjere lokalpolitikarar ansvarlege i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Politirådet er ein arena for å sørge for felles forståing av trendar og utviklingstrekk i det lokale kriminalitetsbiletet, felles forståing av bakanforliggjande og utløysande årsakar, og målretta førebyggjande tiltak mot kriminalitet og utanforskap.

Det vart laga avtale mellom Stord kommunen og Stord lensmannskontor om å oppretta politiråd i 2007. Stord kommune og lensmannen i Stord har tradisjon for godt samarbeid. Dette har mellom anna vore ivareteke gjennom SLT-samarbeidet, som er organisert i en 3-nivå modell med styringsgruppe, koordinerande nivå og utførande nivå. Politirådet fungerer som styringsgruppe i SLT-modellen.

Føremål med avtalen

Føremål med avtalen er å formalisere rammene for samarbeidet i politirådet, samt få fram mål og retning for det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. Mål og felles satsingsområder skal vere basert på kunnskap om utfordringsbiletet.

Deltakarar

- Kommunen
 - Ordførar, rådmann, kommunalsjefar og SLT-koordinator
- Politi
 - Lensmann, leiar for førebyggjande- og patruljeseksjonen og politikontakt

Politirådet kallar ved behov inn sentrale personar som kan opplyse rådet om aktuelle saker.

Møtestruktur

- Politirådet gjennomfører 4 møter i året (fortrinnsvis mars, juni, september, desember). Deltakarane kan invitere inn til fleire møter ved behov
- Kommunen og politiet vekslar på å vere vertskap for møta
- Ordføraren er leiar for rådet
- SLT-koordinator kallar inn til møta og er referent
 - Agenda vert sendt ut 10 dagar før møta

- Deltakarane i rådet har ansvar for å kome med saker til møta
 - SLT-kordinator sender ut påminning om å kome med saker 20 dagar før møta
- Møta kan handsame saksinformasjon som er unnateke offentleg innsyn

Felles utfordringar med kriminalitet i Stord

- Narkotikakriminalitet
- Fleire alvorleg psykisk sjuke personar busett i kommunen
- Vald i nære relasjonar
- Ungdom med store samansette vanskar
- Unge si psykiske helse

Felles prioriterte innsatsområder

Rådet kan handsame alle områder der politiet og kommunen har felles interesser innan kriminalitetsførebyggjande arbeid, oppvekstvilkår for barn og unge, førebygging av rusbruk, og gje retning for SLT arbeidet i høve til vedtekne strategiar. Følgjande områder er prioritert i perioden 2017-2021.

- Rusførebyggjande arbeid
- Barn og ungdomskriminalitet
- Godt nettvett
- Ansvarleg alkoholhandtering
- Vald i nære relasjonar
- Radikalisering/ voldeleg ekstremisme
- Trafikktryggleik
- Beredskap og samfunnstryggleik

Tiltak

Kommunens og politiets aktivitetar i Stord skal inngå i aktuelle planar med fokus på dei felles prioriterte satsingsområda.

Evaluering

Innsatsområda og tiltaka skal evaluerast ved fyrste politirådsmøte kvart kalenderår.

Stord, 05.11.17

Gaute Straume Epland
ordfører

Roald Raunholm
lensmann